

Hordaland Røde Kors Beredskapsvakt



*«Det er nok lett å tenkja at det skjer ikkje her hjå oss»
(Beredskapsansvarleg i kommune)*

Ein nyleg publisert rapport frå Noregs Røde Kors viser at beredskapen må styrkas lokalt. Den norske beredskapen i Noreg kjenneteiknast av frivilligheita. Til tross for dette har berre 4 av 10 kommunar i Noreg inngått ein skriftleg kontrakt med frivillige organisasjonar. Samstundes viser rapporten at samspel, øvingar og avtaleverk er avgjerande mellom dei ulike organa er avgjerande for å samvirke i ein beredskapssituasjon.

Som overskrifta i teksten skildrar, er det fleire i rapporten som uttalar at: *«det er nok lett å tenkja at det ikkje skjer her hjå oss»*. Dette står i sterk kontrast med rapportar frå metrologisk institutt og Noregs vassdrag og energidirektorat, som påpeikar at dramatiske værhendingar vil auka i omfang og hyppigheit framover. I tillegg verkar det også som ein står ovanfor nye sikkerheitsrisikoar, der Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap mellom anna peikar på terror, brann i tunellar og gassutslepp og smittsame sjukdommar.

Hordaland Røde Kors har siste tida lagt mykje arbeid i å utvikla samarbeidet med kommunane i Hordaland, som rapporten påpeikar viktigheita av. I juni 2015 hadde Hordaland Røde Kors saman med lokalt Røde Kors vore i dialog med alle kommunar. Samtlige har skrivne under på samarbeidsavtale med beredskapsvakter. Samstundes skildrar

15. juni 2015

Dersom det skjer noko alvorleg i området der du bur, kan Røde Kors kontakta deg då, for å spørja om du kan hjelpa?

Då du takka ja til å vera beredskapsvakt for Røde Kors, sa du ja til å bidra dersom noko alvorleg skjer i ditt lokalsamfunn. Sidan 2009 har 23 ulike lokalforeiningar starta opp med beredskapsvakter. Mange tusen meldte seg berre i Hordaland.

dette viktig, fordi det betrar samarbeidet mellom lokalt Røde Kors og kommunen, kommunen vert klar over kva ressursar som finnes i Røde Kors – og når det kan vere fornuftig å varsle.

På sikt vil dette også truleg vere ein fordel for beredskapsvaktene, at kommunen er klar over kven de er – og kva de kan nyttas til når katastrofen er ute. Då straumen forsvann i januar på Os, vart beredskapsvaktene på førespurnad frå kommunen kalla ut for å gå rundt til alle med tryggleiksalarm. Dette er eit godt døme på aktuelle arbeidsoppgåver beredskapsvaktene kan få frå kommunen sin i framtida.

Dersom du ynskjer å lesa heile rapporten, ligg den tilgjengeleg på denne lenka:

<https://www.rodekors.no/Global/HK%20-%20Hovedkontoret/Media/Rapporter/Beredskapsrapport%20R%c3%b8de%20Kors%202015.pdf>

Følg Røde Kors Beredskapsvakt på facebook

Verv ein ven til å verte beredskapsvakt



Dersom det skjer noe virkelig alvorlig i området der du bor, kan Røde Kors kontakte deg da, for å spørre om du kan hjelpe?

Send SMS «VAKT» til 2272
... og bli beredskapsvakt du også!

Du får:
- Ange kun i fysisk og psykisk forberedelse
- Hjelpe menneskene i ditt område med små og store oppgaver
- Ta del i den videnskapsbaserte Røde Kors beredskapsvakt

Som beredskapsvakt:
- Deltar du på en opplæringskurs i året.
- Betaler du medlemskap i Røde Kors.
- Har du fylt 18 år.
Medlemskapet er på 200,- per år og 100,- for yngre under 20 år.



Takk for at du ynskjer å vera ein del av det frivillige apparatet til Røde Kors.

Kva kan ein som beredskapsvakt bidra med?

- Enkel men viktig **fyrstehjelp**
- Halda **informasjonspost** ved evakuerte områder
- **Informasjon** rundt varsling om utvikling i ras/ flom-berørte område
- **Trafikkavvikling**
- **Organisera transport** av folk, utstyr, mat og drikka
- Utføra **transportoppdrag**
- Driva **mottakssenter** og midlertidig forlegning og forpleiing
- **Administrativt arbeid** ved aksjonar som registrering og telefoning
- **Omsorg** for berørte i ei katastrofe

 **Røde Kors Hordaland**

Kontakt:

Åse Mørkve

Beredskapsvaktkoordinator

Hordaland Røde Kors

Tlf: 55 38 33 11

E-post: ase.morkve@redcross.no

